

## **EU: Semje om personvernpakka**

16. desember 2015.

- *Uformell semje mellom Rådet og Parlamentet om nye og styrke personvernreglar som skal gjennomførast innan 2 år*
- *Retten til å bli gløymd og retten til å flytte data slått fast, men enkelte kommentarar peiker på at det er uklart korleis dette skal skje i praksis*
- *Selskap kan få bøter på inntil 4 prosent av omsettinga ved brot på reglane og deler av næringslivet uroa for kostnader og byråkrati*
- *Etablering av European Data Protection Board som får rolle ved klager som gjeld fleire land*

Europaparlamentet og Rådet vart i går uformelt samde om personvernpakka. Semje kjem nesten fire år etter at [Kommisjonen i januar 2012 foreslo](#) ei generell forordning om personvern og eit direktiv om personvern i samband med politisamarbeid og rettsleg samarbeid. Det gjeldande EU-regelverket på dette området er frå 1995. Desse reglane gjeld også i Noreg. Målet har vore å sikre oppdaterte personvernregler bl.a. i lys av den teknologiske utviklinga og å finne balansen mellom godt personvern og kommersiell bruk av data. [Europakommisjonen skriv i si pressemelding](#) at semja vil vere viktig for å utvikle den digitale indre marknaden i Europa.

Saksordførar i Europaparlamentet, Jan Philipp Albrecht (Dei grøne, Tyskland), [uttaler i ei pressemelding](#) at dei nye reglena vil gje den enkelte tilbake råderetten over eigne persondata. Det luxembourgske EU-formannskapet [uttaler til EUObserver](#) at det er ei god avtale for både næringsliv og borgarar.

I forhandlingane har ein del vore bekymra for at svært restriktive reglar vil bidra til at europeisk næringsliv ikkje kan utvikle nye forretningsidear. I handsaminga av framlegga har Europaparlamentet gått inn for strengare personvernreglar enn medlemslanda i Rådet. Medan den europeiske forbrukarorganisasjonen BEUC er nøgde med resultatet, [skriv Politico i dag](#) at representantar for næringslivet er uroa for auka kostnader knytt til dei strenge reglane. Mellom anna må store firma ha ein medarbeidar med særskilt ansvar for datatilsyn. Det same vil gjelde små og mellomstore verksemder om datahandtering er del av kjerneverksemda. Europakommisjonen hevdar på si side at felles europeiske reglar vil spare næringslivet for store kostnadurar. Selskap som bryt personvernreglane vil kunne få bøter på inntil 4 prosent av omsetting. Europaparlamentet gjekk inn for 5 prosent, medan medlemsstatane hadde 2 prosent som utgangspunkt i forhandlingane.

Rådet og Parlamentet vart ikkje samde om ei felles aldersgrense for når barn ikkje lengre treng samtykke frå føresette for å bruke sosiale media. Jamvel om Facebook og andre har ei aldersgrense på 13 år, vil det vere opp til medlemsstatane å sette aldersgrensa mellom 13 og 16 år.

Eit selskap kan ikkje gje vidare persondata som er innsamla for eit formål, utan samtykke. Europaparlamentet har også vore opptatt av å sikre retten til å bli gløymd som nå blir slått fast. Ein representant for europeiske direktemarknadsførarar meiner

det er eit paradoks at eit firma ikkje kan ivareta denne retten utan nettopp ved å lagre visse data om sine tidlegare kundar. Europakommisjonen viser til at semja medfører retten til å flytte data mellom ulike tenesteleverandørar. EUObserver skriv at det likevel er uklart korleis dette skal skje i praksis.

Semja medfører også eit såkalla one-stop-shop der den enkelte skal kunne rette ein klage til sitt nasjonale datatilsyn, og ikkje måtte vende seg til tilsyn i andre land. Det skal etablerast eit uavhengig European Data Protection Board som skal koordinere dette i samarbeid med nasjonale datatilsyn. Ein del medlemsland har vore skeptiske til å overføre for mykje myndighet til dette styret. [Euractiv skriv](#) at styret skal også ha ei rolle i å sikre at personvernreglane blir handheva i EU. Den norske regjeringa seier i sitt [arbeidsprogram for samarbeidet med EU 2015](#) at den ynskjer å delta i European Data Protection Board.

Semja i går omfattar også reglar for utveksling av persondata i politisamarbeid. Dette skal mellom anna sikre raskare og meir effektiv utveksling av data mellom myndigheter i europeiske land.

Medan forordninga er EØS-relevant, er direktivet er Schengen-relevant. Mange av reglane i forordninga og direktivet er like og dei blir dermed handsama parallelt i Rådet, Sidan Noreg kan delta i rådsarbeidsgrupper for Schengen-saker (men ikkje for EØS-saker) har Noreg dermed i delteke i diskusjonane i Rådet for begge desse rettsaktene.

Etter den uformelle semja mellom dei to institusjonane i går, er det venta at den ansvarlege komiteen i Europaparlamentet vil vedta si innstilling i morgen. Dermed er det venta at Europaparlamentet og Rådet formelt vil vedta pakka som deretter skal gjennomførast innan 2 år i medlemslanda.

Med beste helsing

Per S. Nestande



**Per S. Nestande**

Seniorrådgjevar  
Stortingets Brussel-kontor  
Internasjonal avdeling  
Tel: 23 31 36 11  
Mob: 917 68 598  
[psn@stortinget.no](mailto:psn@stortinget.no)  
[www.stortinget.no](http://www.stortinget.no)